



# Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Helge Dragøy

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 19/708 - 19/9313

Saksbehandlar:  
Andreas Granli  
Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:  
26.07.2019

## Hjorteforvaltning - svar på brev frå Radøy Bondelag

Viser til e-post dagsett 07.06.2019. Underutvalet for vilt og innlandsfiske hadde møte same dag og skrivet frå Radøy Bondelag kom difor ikkje med på sakslista. Utvalet var informert om at Bondelaget ville sende eit skriv om temaet og diskuterte likevel saka i samband med eit brev frå grunneigar på Straume. Underutvalet og Landbrukskontoret er samde i at hjortebestanden er større enn ynskjeleg. På møtet vart det vedteke å auke kvoten for 2019 med 20 % frå 2018.

Landbrukskontoret og Underutvalet for vilt og innlandsfiske er samde i at hjortebestanden har auka dei siste åra. Som eit svar på dette har kvoten auka jamt frå og med 2017. I 2019 vert kvoten auka med 20 % frå 2018, det tilsvara 56 dyr og kvoten i 2019 vert 336 dyr. Hjorten flyttar mykje på seg og kvoten i nabo kommunane var difor og tema på møtet. Kvoten i Lindås kommune er auka frå 730 dyr i 2018 til 812 dyr i 2019. Valda i Austrheim kommune har bestandsplan og har ikkje auka kvote i 2019, planen skal reviderast våren 2020.

Vår vurdering er at kvoten legg til rette for auka av skyting og reduksjon av stammen i Nordhordland. Valda i kommunen skal føre sett hjort skjema i jakta og resultatet frå sett hjort tyder på at veksten i bestanda er redusert, men det er framleis for tidleg å konkludera. Resultatet av jakta 2019 vert og ein del av grunnlaget for nytt minsteareal i Alver kommune.

Med helsing

Andreas Granli  
rådgjevar landbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Helge Dragøy